

Trilogien er ankomne Volda!

- *En musikalsk fortelling.*



Foto: Stian Raa

Skrevet av:

Jørn Trollebø Kvalheim

KONSERT:

Det er stille i lokalet, sceneteppet er dratt for.

Sceneteppe dras til side. Levande lys, trestubbar med ein kniv fast i seg, ei fele, gitarar, trommesett og ein kleshengar møter oss. Ei mystisk stemning legg seg over rommet. Ei kvinne i bunad kjem ut, tenner eit lys og forsvinner så ut igjen. Eit lerret fylles med lys, og ein film spelast av.

Slik ble vi introdusert inn i Trilogiens univers.

Det fyrste som slår meg som tilskodar er kor nøye gjennomtenkt scena er. Det lyser profesjonalitet.

Fyrste mann som vandrar inn på scena er Spelmannen (Knut Larsen). Han hilser så vidt på publikum, før han plukkar opp sin el-gitar og startar å spele. Norske folketonar stig ut frå forsterkaren hans, og plutseleg stig Fiskaren (Marius Jørgenstuen) inn på scena og plukkar opp bassgitaren, etterfølgd av Tømraren (Magnus Solheim) som hogg øksa si fast i trestubben, og finn sin plass bak trommesettet. Alle i fullt kostyme. Dei tre startar å spele saman, og lysbilete blir stort!

Eit godt samspel viser seg fram i full prakt, frå dei tre musikarane som trakterer instrumenta sine på eit særst høgt nivå.



Frå venstre: Knut, Magnus, Marius Foto: Stian Raa

Energien frå scena spreiar seg til publikum, som verker å nyte både det dei ser og høyrer. Konserten varte over 7 “heimesnekkra” sanger, og vart til saman ca. 40 min lang. Mellom sangane fortsette historia, der dei forskjellige figurane viste seg fram for kvarandre, fortalde om sine vandringar for å kome til Volda, og kvifor fiskaren akkurat skulle prøve lykken her i Volda. Noko Tømraren konkluderte måtte vere grunna at det er 70% fisk her i Volda. Møyfrid(Cecilie Sandvik) gjorde også sin entre igjen, fortsatt i bunaden, og dei tre figurane ville så prøve å imponere ho med sine ferdigheter.

Det var eit forrykande show dei 3 musikkstudentane frå Høgskulen i Volda leverte den 28.04.14, klokka 19:00. Dei 3 hadde gjort mykje ut av scena i konsertsalen på Kaarstad. Samt var samspelet dei imellom av høg klasse.

Med imponerande gitarspel frå Knut Larsen, med stor variasjon i sjanger, viste han verkeleg bredde. Han viste også ein upåklageleg teknikk og innleving.

Imponerande vokal-prestasjonar frå Marius Jørgenstuen var også nokre av høgdepunkta frå konserten. Han trakterte også bassgitaren og pianoet på høgt nivå.

Ei energibombe av ein student satt bak trommesettet, og heldt skuta i takt heile vegen med imponerande ferdigheter. Magnus Solheim tok seg også ein tur ut med skarptromma, samstundes var han også back up-vokal.

Den reklamerte konserten kunne mest oppfatast som ei forstilling i etterkant. Noko mangel på kontakt med publikum i konsert-format.

- Det gjorde litt vondt å ikkje snakke med publikum, men vi var konsekvent opptatt av å holde oss i “rolle”, seier Marius Jørgenstuen etter konserten.

- Men vi tenkte vi skulle gjøre noe ekstra ut av det, og tenkte på konserten mer som en forestilling, konstaterer han.

Publikum skjønnte etterkvart at det var ei historie som vart formidla og var straks med på leiken.

- Det var en bevisst måte å forholde oss til publikum på, for å fortsette rollene som var i filmen.

Han fortel at den vesle videosnutten på byrjinga av konserten var en “teaser” for en kortfilm som kjem iløp av året. Som er i samarbeid med Thomas Mirriaga og Stian Raa.

- Vi ville skape et eget univers der musikken vår kunne utvikle seg, seier en smilande Knut Larsen, som var veldig fornøgd med konserten.

- Jeg storkoste meg på scenen i dag, smiler 2. års studenten.

Det var enkelt for oss i publikum å sjå at musikkgleda var stor blant dei som var på scena, sjølv om dei heldt seg i rolle.

Sjangermessig var konsert ei god blanding. Nokre av sangane kunne tenkast å vere inspirert av Trang-fødsel og BigBang, mens andre var i ein heilt anna sjanger.

- Det er et Prog/instrumental/jazz-Rock band, så det blir litt variasjon, seier en godt fornøgd Magnus Solheim.

- Det er sanger som kommer ut av jam, riffing og litt av hvert egentlig, seier han.



Foto: Miriam Edler

- Det er et poeng for oss å vise en differanse mellom det som er litt sært og det de fleste ville høre på, og kanskje lage litt av begge deler, for å treffe en større målgruppe, seier Marius.

Det skal også pointerens at alle sangtekstane var skrevet på norsk.

Den siste songen “Legg inn årene” blir spelt. Sceneteppet går igjen, lydmann Timmy Aass skrur av lyden. Applausen står i stil med showet som blei levert, og publikum ser ut til å vere godt fornøgde med opplevinga.

- En av de herligste konsertopplevelsene jeg har hatt!

Skriver dramastudent Maria Masvie på Facebook arrangementet i etterkant av konserten.

Ein strålende fornøgd Marius Jørgenstuen fortel at han er veldig fornøgd med responsen frå publikum og at oppmøte var godt! Han røper også til slutt nokon av framtidsplanane:
- Denne konserten er sett på som part 1 av 3 konsertar som kommer etterhvert. Der det kommer nye sanger til hver konsert! Det tror vi blir veldig anderledes og gøy!

Etter konserten sit eg igjen med ein tanke om at eg gjerne vil sjå fortsettinga om eventyret om Østlendingar i Volda og kan berre seie ein ting:
Trilogien er ann komne Volda, det er berre å glede seg til fortsettinga!



Foto: Miriam Edler